



Statens vegvesen

OLAV BRAKESTAD
VASSBYGDVEGEN 1086
5956 HUNDVIN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/179001-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.12.2017

Uttale – Avkjørsel – Fv. 390 – gnr. 53 bnr. 7 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 15.10.2017. Vi var på synfaring på staden 25.10.2017.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om avkjørsleløyve i samband med at det skal søkjast om frådelling til bustadtomt på gnr. 53 bnr. 7 i Lindås kommune. Eigedomen er avsett til *landbruk,- natur- og friluftslivføremål* (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Tiltaket treng difor dispensasjon frå plan.

Opplysning om saksgang:

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklart etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ein uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden.

Uttale til handsaming etter plan- og bygningslova:

Tekniske opplysningar:

Eigedomen ligg langs fv. 390 ved Grimstad i Lindås kommune. Vegen er smal og svingete på gjeldande strekning, med berre ei køyrebane. Det er ikkje tilbod til gåande og syklande. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgertrafikk er 200. Strekinga er klassifisert til *Haldingsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkjørsler og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vegvesenet si vurdering av saka:

Statens vegvesen skal i si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det ut over tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleiken på den vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

I rammeplanen er vegstrekninga klassifisert til *haldningsklasse 4*. Det vi mellom anna seie at godkjenning til utvida bruk av avkøyrslar normalt bør gjevast dersom dei tekniske krava til stiller til utforming av avkøyrsla vert tilfredsstilt.

Vi var på synfaring og kontrollerte avkøyrsla. Vi målte mellom anna sikta. Retning venstre avkøyrsla (mot Hundvin) var sikta 80 meter. Kravet vi stiller ved skilta fartsgrense 80 km/t er 100m. Sikta var elles god til retning høgre. Svingradius og helling i avkøyrsla var ikkje i samsvar med dei krav vi stiller.

Statens vegvesen har gjort ei vurdering av reelt fartsnivå basert på fagleg skjønn. Med bakgrunn i mellom anna kurvatur og køyrebreidde på vegbana vurderer vi at fartsnivået er under 80 km/t, særleg når ein kjem nordfrå og skal sørover. Med bakgrunn i dette kan vi akseptere at sikta ikkje fullt tilfredsstiller dei krav vi setter ved skilta fartsgrense 80 km/t.

Vi vurderer at avkøyrsla har ei dårleg utforming i høve til fleire av dei krav vi stiller. Vi vil difor etter dette ikkje gje fleire løyver i denne avkøyrsla før den er vesentleg utbetra.

Sluttord:

Etter ei samla vurdering av tilhøva på staden meiner vi at det kan påreknast løyve til avkøyrsla for ny ei bueining. Dersom kommunen vel å gje dispensasjon for deling og /eller bygging, må det sendast inn ny søknad som er i samsvar med kommunen sitt vedtak. Vi vil deretter behandle saka ferdig etter veglova.

Vi minner om at kommunen skal ikkje gjennomføre deling/kartforretning før endeleg godkjent avkøyrslaløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.

Plan og forvaltning Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ